



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/3100-1

## **Verksemndplan for kontrollutvalet 2016 - 2019**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Verksemndplan for kontrollutvalet 2016 – 2019 vert vedteken som framlagd.

**Vedlegg:**

- Verksemndplan for kontrollutvalet 2016 - 2019

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Rammene for kontrollutvalet si verksemnd er regulert gjennom kapittel 12 i kommunelova. I tillegg er det gjeve føresegner om kontrollutval og revisjon med heimel i lova.

Med utgangspunkt i lov- og føresegner og vedteke reglement for kontrollutvalet er det utarbeidd ein plan for kontrollutvalet si verksemnd i valperioden.

Det er i kommunelova krav om utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll.

Kontrollutvalet er i ei særstilling ved at utvalet sine oppgåver og ansvar langt på veg er regulert gjennom lov og føresegn. I reglement for kontrollutvalet som fylkestinget vedtok i FT-sak 48/15, står det at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for verksemda og legge denne fram for fylkestinget.

Verksemndplanen som no vert lagt fram for fylkestinget er meint å dekkje behovet for å ha ein overordna plan for kontrollutvalet sitt ansvarsområde for kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Planen er basert på verksemndplanen til utvalet for perioden 2012 – 2015.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Planen er utarbeidd for at kontrollutvalet skal ha ei oversikt over kva rolla til utvalet inneber og samtidig kva strategi utvalet sitt arbeid skal vere tufta på. Denne planen er ikkje laga for å avdekke kva område ein skal utøve kontrollhandlingar på. Det vert ivareteke i plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll i tillegg til årsplanen for utvalet.

Kontrollutvalet vil med denne planen få til eit kontroll- og tilsynsregime der ein tek som utgangspunkt at kontrollhandlingane skal verte oppfatta som nyttige for fylkeskommunen. Kontrollutvalet er avhengig av god dialog med politikarar, administrasjon og revisjon for å få utført sine oppgåver tilfredsstillande for innbyggjarane i fylket. Denne planen er meint å vere til hjelp i dette.

Enderinger i høve til planen for perioden 2012 – 2015:

- Pkt. 1.2 er teke bort i si heilheit. Punktet regulerte møte- og talerett for leiar og nestleiar i fylkestinget, men er uaktuelt då begge er fylkestingsrepresentantar. Taleretten for leiar er også lovfesta i kommunelova § 77 – taleretten for nestleiar er sikra gjennom forskrift om kontrollutval § 2. I tillegg var det eit avsnitt i pkt. 1.2 om opne og lukka møte i kontrollutvalet. Dette er også uaktuelt då kommunelova er endra, slik at kontrollutvalet sine møte i utgangspunktet går for opne dører, men kan lukkast etter kommunelova § 31.
- Det er sett inn eit avsnitt om arkivordning for kontrollutvalet under pkt. 2.2. Teksten er drøfta med arkivleiar, driftssjef og assisterande fylkesrådmann for å få føremålstenlege formuleringar i avsnittet.
- Informasjonsstrategien er oppdatert i høve til oppbygginga i ny heimeside.
- Det er elles gjort språklege korrigeringar der dette har vore føremålstenleg, utan at det innhaldsmessige i planen er endra.

Utover det som her er nemnt er det ikkje gjort endringar i verksemndplanen i høve til planen for førre periode.

### **3. Konklusjon**

Verksemndplanen vert handsama av kontrollutvalet, som gjev tilråding til fylkestinget i saka.